



Kommunane i Møre og Romsdal
M&R fylkeskommune, utdanningsavdelinga
Skoleleiarar i grunnskole og vidaregåande opplæring
PPT i grunnskole og vidaregåande opplæring

Fylkesvise samlingar om lokalt arbeid med læreplanar og vurdering - Molde, Rica Seilet, 29. oktober 2014

Fylkesmannen i samarbeid med Utdanningsdirektoratet arrangerer gratis fylkesvise konferansar om lokalt arbeid med læreplanar og vurdering. **Dagskonferansen** i Møre og Romsdal finn stad i Molde, Rica Seilet Hotel – Bjørnsonsalen, onsdag 29. oktober kl. 10.15 – 15.45. Frammøte/registrering/kaffe frå kl. 09.45.

Målgruppe er skoleeigarar og skoleleiarar i private og offentlege grunn- og videregående skolar og pedagogisk-psykologisk teneste. Om ønskeleg, kan skoleleiar ta med seg fleire aktuelle personar frå eininga, til dømes ei plangruppe.

Formålet med konferansen er at ho kan bidra til å styrke læreplan- og vurderingskompetansen blant skoleeigarar og skoleleiarar.

Bakgrunn for konferansen: Hausten 2013 gjennomførte Fylkesmannen i samarbeid med Utdanningsdirektoratet fylkesvise samlingar for skoleeigarar og skoleleiarar med lokalt arbeid med læreplanar og læringsmiljø som tema. Både tilbakemeldingar undervegs og evalueringa av dei fylkesvise samlingane viser at deltakarane ønskjer at lokalt arbeid med læreplanar og vurdering skal vere tema for ei framtidig fylkesvis samling. Dette er også tema for det felles nasjonale tilsynet som gjennomførast i perioden 2014 – 2017. Derfor skal Fylkesmannen hausten 2014 arrangere fylkesvise samlingar med lokalt arbeid med læreplanar og vurdering som tema.

Vilkår for påmelding: Fylkesmannen dekkjer dagpakker for deltakarane, men reise- og evt. vikarutgifter må arbeidsgivar betale.

Frist for påmelding er måndag 6. oktober 2014. Påmelding skjer elektronisk ved å følgje linken¹ under - sjå i høgre marg.

¹ Link til påmelding: <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Fylkessamling-om-lokalt-arbeid-med-lareplanar-og-vurdering/>

Vel møtt til konferanse 29. oktober!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
utdanningsdirektør

Kristin Øksenvåg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:
Program for dagen

Kopi m/vedlegg:
KS M&R
Høgskulen i Volda
Utdanningsforbundet M&R

Vedlegg

PROGRAM FOR DAGEN - 29.10.2014

09.45-10.15 Registrering

10.15-10.45 Velkomen

- Fylkesmannen fortel om status i fylket, styrkar og utfordringar lokalt (20 min.)
- Udir. seier litt om bakgrunn for samlinga (10 min.)

10.45-11.15 Kvalitetsvurdering og lokalt arbeid med læreplaner

- Intensjonar og samanhengar
- Bruk av resultat
- Verktøy til bruk i arbeidet

11.15-11.30 Pause

11.30-12.30 Endringar i nasjonale prøver

- Måling av utvikling over tid
- Ny skala for presentasjon av resultat

12.30-13.30 Lunsj

13.30-13.50 Praksiseksempel

- Kva for grep har skoleeigar og/ eller skoleleiar tatt i det lokale arbeidet med læreplanar og vurdering? Kva for røynsler har dei gjort seg? Kva har vore moelegheitane og utfordringar?

13.50-15.30 Lokalt arbeid med læreplanar og vurdering (Udir. legg inn pause)

- Læreplanforståing
- Samanhengen undervegs- og sluttvurdering
- Kva skal vektleggjast i sluttvurdering

15.30-15.45 Avslutning

- Fylkesmannen oppsummerer og avsluttar samlinga